



Med bakgrunn i sterk mottstand over heile landet vert planen Nasjonal ramme for vindkraft lagt bort. Bilete er henta frå ein av dei mange standane akjsonsgruppa Nei til vindmøller i Kvinnherad hadde. F.v: Annemor Ekeland og Astrid Døsland.

Det er i dag gjord kjend at Regjeringa legg bort planen Nasjonal ramme for vindkraft på land. Med bakgrunn i massiv motstand vel altså Regjeringa å skrota planen. I høyringsfasen kom det inn over 5000 fråsegner, mellom anna frå 56 kommunar. Heile 53 kommunar, av dei Kvinnherad, sa eit klart nei til vindkraftutbygging. Det er uklart kva konsekvensar dette vedtaket har. Truleg er det no fritt til å søkja om konsesjon i kvart einskild prosjekt.

Planen Nasjonal ramme for vindkraft på land var delt i to bolkar.

- Oppdatert kunnskapsgrunnlag om kva verknader ei utbygging ville ha
- Kartdel med 13 utpeika område i landet, som etter NVE sitt syn, var eigna for vindkraft

Uskedalen og fjella i store deler av Kvinnherad var med i eit av desse områda, Sunnhordland og Nord-Rogaland.



Steinaheiane og Uskedalsfjella vart med i planen for eit aktuelt utbyggingsområde.

Vedtaket frå Regjeringa seier også noko om at det i tida framover vert lagt klare krav og føringar for søknader om konsesjon. Det er likevel uklart kva verknader vedtaket om skroting har for aktuelle og framtidige utbyggingar.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal/ Ann Irene Sæle